



VENSTRE

**Jon Frogner**

Ordførarkandidat

**Anita Otneim Hoddevik**

2.kandidat

**For eit grønt,  
levande Stad.**

Les heile programmet på :  
**Venstre.no/Stad**





Sagaparken | Nordfjordeid

# Framover

**Venstre er eit parti som tar klima- og naturkrisa på alvor. Vi vil gje fridom til den enkelte, samstundes som vi skal ta vare på fellesskapet og dei som trenger hjelp. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, samarbeid og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.**

Stad skal vere ein grøn, næringsvennleg og service-innstilt kommune, med høg kvalitet på tenestene. Vi satsar på skule og oppvekst, og meiner tida er kome for eit betre kollektivtilbod.

Venstre vil halde fram med å bygge eit sterkt kommunesenter på Nordfjordeid, med levande lokalsenter og bygder i heile kommunen.

Stad Venstre sine 37 kandidatar til kommunevalet 2023 er klare til å gjere ein innsats for å ta Stad kommune vidare framover.

**Røyst Venstre**  
ved kommunestyrevalet  
i Stad 2023

[www.venstre.no/stad](http://www.venstre.no/stad)

## Klima, natur og miljø

Stad kommune skal ta sitt forvaltaransvar på alvor, og må ha høge ambisjonar for klima, natur, og miljø. Ja til nullutslepp-samfunnet og urøyrd natur.

### Stad Venstre vil:


- ✓ Ha ein felles forvaltningsplan for næringsverksemd i fjella og fjordane våre, i lag med kommunane i Nordfjord. Målet er å samarbeide om at utviklinga skjer innanfor naturen sine tolegrensar, og halde areal-konflikter på lågast mogelege nivå
- ✓ At klimagevinsten i rehabilitering og tilbygg alltid skal vurderast opp imot riving i kommunale eigedomsprosjekt
- ✓ Jobbe for at energi til drift av kommunale bygg skal vere basert på fornybare og helst lokale kjelder, som til dømes fjordvarme, sol- eller bioenergi
- ✓ Satse på berekraftig reiseliv, med infrastruktur tilpassa trafikk, god kommunikasjon med innbyggjarane og turistskatt
- ✓ Gjere det enkelt å etablere små og alternative uteleiehytter (t.d. "tretopphytter"), og legge til rette for camping-plassar og bobilparkering fleire stader, for å unngå villcamping/parkering
- ✓ At kommunen må sette eit maks antal cruiseanløp per sesong, og ha moglegheit til å halde dagar fri for cruisetrafikk
- ✓ Seie klart nei til helikopterflyging av turistar, av omsyn til dyr, mennesker og klima



# Fellesskap.

Selje kloster | Selje

Gymmen | Nordfjordeid 3





Seljesanden | Selje

# Næringsvennleg.

**Nyskapning og grøn vekst**  
Stad kommune skal vere heilt i landstoppen innanfor grøn næringsutvikling og stad-utvikling. Berekraft betyr at vi må ta ansvar for framtida i alt vi gjer.

## Stad Venstre vil:

- ✓ Ha forsvarleg og rask sakshandsaming i saker som er viktige for innbyggjarane, gründerar og næringsliv
- ✓ Prioritere arbeidet med å ha ein oppdatert arealdel til kommuneplanen for å sikre areal for bustad, næring, fritid, tenesteyting og transport. Setje rekruttering av folk og sikre tilgang til rett kompetanse høgt på dagsorden i Stad kommune - i nært samarbeid med næringslivet gjennom Stad Vekst og andre aktuelle aktørar

✓ Arbeide for etablering av minst 100 nye statlege arbeidsplassar i Stad kommune innan 2027, mellom anna ved gjennomføring av arbeidet med Statens Hus på Nordfjordeid.

✓ Gjere det enklare å starte og driva eiga bedrift, legge til rette for fjernarbeidsplassar og gründerverksemd

✓ Arbeide for fleire desentraliserte fagskule- og høgskuletilbod i Stad kommune

✓ Tilpassa skjenke- og salgstider på alkohol til nabokommunene, så restauranter og serveringsstader i kommunen får konkurrere på like vilkår

✓ Gje butikkar på stader med mykje turisttrafikk løyve til å halde ope på heilagdagar

## Skule og oppvekst

Stad kommune skal vere ein god plass å vekse opp for barn og unge, med skular der lærarar og elevar er motiverte. Vi vil gjere det lettare for ungdom å delta i aktivitetar og ha kontakt på tvers av bygdene.

## Stad Venstre vil:

✓ Prioritere kvalitet i skulen, mellom anna ved å la lærarane få bruke meir av si arbeidstid til undervisning. Andre arbeidsoppgåver bør utførast av andre yrkesgrupper

✓ Satse på tidleg innsats, både i barnehage og skule, for born som treng ekstra støtte, og sikre nok spesialpedagogiske ressursar

✓ Evaluere dagens skulestruktur og ha ein brei debatt om løysingar for framtida

✓ Sikre naudsynt vedlikehald av skulebygg, barnehagar og andre kommunale bygg

✓ Bygge symjebasseng i Selje

✓ Krevje betre kollektivtilbud i heile Stad kommune, mellom anna for å legge til rette for at ungdom som bur på hybel kan delta på fritidsaktivitetar på eigen heimstad

✓ Innføre ein plan for LHTI-personar på lik line med dei større byane, slik at også skeive ungdommar og andre kan kjenne seg heime og trygge i distriktet

## Helse og omsorg

I Stad kommune skal det vere godt å jobbe innan helse og omsorg, så vi klarer å levere tenester av høg kvalitet til dei som treng det - når dei treng det. Vi skal gje rett hjelpe til rett tid, og styrke folkehelse og meistring.

## Stad Venstre vil:

✓ Styrke satsinga på heimebasert omsorg og omsorgsbustader. Sikre eit tilstrekkeleg tal langtidsplassar/sjukeheims-plassar

✓ Nutte velferdsteknologi, inovasjon og nye løysningar for å legge til rette for at fleire kan bu heime lenger, meistre eigen kvardag, og ha større handlefridom

✓ Styrke Nordfjord sjukehus, Nordfjord Psykatisenter og Nordfjord BUP

✓ Samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri

✓ Sikre ein ungdomskontakt og eit godt lågterskeltilbod for ungdom med psykiske plager

# Sterkare saman.



Sagaparken | Nordfjordeid

- ✓ Styrke folkehelsearbeidet - tettare samarbeid med idrettslag, bygdelag og frivillige organisasjoner

- ✓ Styrke satsinga på kvinnehelse mellom anna ved å jobbe for eit trygt og godt fødetilbod i kommunen, inkludert barseltilbud

**Kultur, idrett og frivillighet**  
Stad kommune skal vere ein stad med allsidige, spennande kulturtildob og fritidsaktivitetar for alle. Idrett og friluftsliv er viktig for samhald, inkludering, meistring og folkehelse.

## Stad Venstre vil:

- ✓ Jobbe for fleir brukshallar i heile kommunen, i samarbeid med lokale krefter og næringsliv, så alle får tilgang til gode idretts- og kulturaktivitetar i kvardagen

- ✓ Redusere halleiga for idretten, og prisane i kulturskulen

- ✓ Avklare lokaliseringa for fotballhall på Nordfjordeid slik at Eid IL kan realisere sine planar

- ✓ Satse vidare på utlånsentralen for fritidsaktivitetar, BUA. Få på plass ei ordning der også næringslivet kan sponse innkjøp av utstyr til utlån

- ✓ Ha fritidskort som gjev alle born og ungdomar tilbod om minst éin fritidsaktivitet

- ✓ Legge til rette for at frivillig sektor får ressursar og støtte i arbeidet med inkludering og førebygging av utanforskap

- ✓ Styrke lokalsamfunna og attraktiviteten til Stad kommune gjennom nært samarbeid med Malakoff og andre festivalar og kulturopplevelingar

**Meir samarbeid alle vegar**  
**Stad Venstre vil knytte alle delar av kommunen sterkare saman. Bygdene i Stad kommune treng sterke senter og sentra treng levande bygder**

## Stad Venstre vil:

- ✓ Utvikle kommunesenteret Nordfjordeid som ein fjordby, gjennom utbygging/fortetting av bygningsmassen på ledige areal i sentrum

- ✓ Vidareutvikle og oppgradere sjøfronten på Nordfjordeid

- ✓ Gi Bryggja status som lokalsenter i kommuneplanen sin samfunnsdel, som Selje og Leikanger, grunna strategisk geografisk plassering i kommunen.

- ✓ Vere positiv til planane om realisering av Stad Molo på Leikanger

- ✓ Styrke Eid vidaregåande skule som utdanningssenter, med sterkt samarbeid komune/ vidaregåande skule, og med dei andre vidaregåande skulane i Nordfjord

- ✓ Arbeide for eit samla Nordfjord og at regionen skal ta ein sterkare posisjon i Vestland fylke - mellom anna gjennom fleire fylkeskommunale kompetansearbeidsplasjer, styrking av dei vidaregåande skulane og utflytting av oppgåver og funksjoner frå stat og fylke til Nordfjord og Stad kommune

- ✓ Utvide kollektivtilbodet, som gjer det meir attraktivt og praktisk å nytte tilbodet, t.d. ein timeekspress Måløy - Stryn tilpassa eit felles bu- og arbeidsområde, og skulerute mellom dei ytre delane av kommunen inn mot Nordfjordeid



**Stopp naturtapet.**



**Ein skule som motiverar  
lærarar og elevar.**



**Billigare og bedre  
kollektivtilbod for alle.**



**Ein næringsvennleg  
kommune.**

”

**Klimaet og  
naturen treng  
lokale  
løysingar  
overalt.**



**Jon Frogner**

**Ordførarkandidat**

At det går an å leve mangfaldige, moderne liv på bygda gjorde at eg flytta med familien til Stadlandet i 2010. Eg er evig takksam for at vi ble så godt mottekte av dei nye naboane våre, og dei som jobba i kommunen.

Som ordførar vil eg vere ein støttespelar for alle som ønskjer å skape noko og dei som treng hjelp. Om det er eit privat, frivillig eller offentleg initiativ går for det same. Den som er god på samarbeid får ting til å skje.

Eg er i politikken fordi eg ser dei store moglegheitene som finst i Stad kommune. Eg vil at fleire

skal få glede av å bu, jobbe, vekse opp og bli gamal her, uansett kva personlege føresetnader ein har. Eg vil gjere alt eg kan for å lukkast med folketalsvekst, så vi kan halde fram med å utvikle kommunen på ein økonomisk, miljømessig og sosialt forsvarleg måte.

Eg vil jobbe for at flest mogleg blir fornøgde med plassen dei bur, tenestene kommunen leverer, og innsatsen som dei folkevalde skal gjere i lag

**Røyst for eit grønt,  
levande Stad.**

**Godt val!**



“

*Ein levande, verdiskapande kommune med folketalsvekst og nye arbeidsplassar*

**Anita Otneim Hoddevik**  
2. kandidat Stad Venstre



“

*Utvikle kommunesenteret Nordfjordeid til ein grøn urban fjordby*

**Svein Røtevatn**  
3. kandidat Stad Venstre



“

*Gode skular og plassar å vekse opp, med moglegheit for dei eldre til å bu heime så lenge dei ynskjer*

**Kristianne Nore**  
4. kandidat Stad Venstre



“

*Samle idrettsaktiviteten i dei områda der barn og ungdom er i kvardagen*

**Rune Sunde**  
5. kandidat Stad Venstre



## Åsta Årøen

Fylkesordførarkandidat

● Månadskort kollektiv 499,- kr

● Grøn ferje- og båttransport

● Stad Skipstunnel

● Ein vidaregåande skule tilpassa den enkelte elev

● God oppfølging av alle lærlingar

● Legge til rette for lokalt næringsliv

## Vestland Venstre

35 fyrste kandidatar

1. **Åsta Årøen**, Bergen
2. **Jacob Nødseth**, Kinn
3. **Marius H Hindenes**, UV/Alver
4. **Camilla Elen Berg Larsen**, Stord
5. **Atle Hamar**, Sunnfjord
6. **Torstein Tvinnereim**, Stryn
7. **Sigrid Svarcefoss**, Sogndal
8. **Jens H Birkeland**, UV / Voss
9. **Helle Frogner**, Stad
10. **Bram Timmermans**, Bjørnafjorden
11. **Guro S. Fresvik**, Ullensvang
12. **Bjørn M. Hufthammer**, Austevoll
13. **Kent Are K. Petterson**, Kvinnherad
14. **Thea M. Flø**, UV / Bergen
15. **Hilmar Eliasson**, Kinn
16. **Knut Røneid**, Luster
17. **Vanja Espeland**, Bømlo
18. **Tom Hiis Bergh**, Bergen
19. **Remi Lønøy**, Øygarden
20. **Henriette S. Johansen**, UV / Voss
21. **Erling Birkeland**, Bergen
22. **Amalie Fuglum**, UV / Bergen
23. **Svein A. Torvanger**, Bremanger
24. **Anne-Marie Øvrevik**, Kvam
25. **Ole Martini**, Bergen
26. **Arne Osland**, Fjaler
27. **Saima Akhtar**, Bergen
28. **Kristian N. Harnes**, Bjørnafjorden
29. **Astrid Irene Hoffart**, Stryn
30. **Håkon F. Særsten**, Stord
31. **Bjarte Gangeskar**, Floppen
32. **Trond Mjøs**, Aurland
33. **Vigdis Tonning**, Stryn
34. **Sandhya K. Holene**, Luster
35. **Ingrid N. Fjeldstad**, Bergen

# Venstre sine kandidatar i Stad.



## 1. Jon Frogner (1973)

bur i Ervik på Stadlandet, er kreativ leiар i eit kommunikasjonsbyrå. Leiар i Stad Venstre sidan 2020. Ordførarkandidat i 2023.



## 2. Anita O. Hoddevik (1970)

bur i Selje, er avdelingsleiar på vgs. skule. Kommunestyrmannrepresentant og medlem i utval for kultur, samfunn og næring.



## 3. Svein Rotevatn (1954)

frå Nordfjordeid, er sivilingeniør med lang erfaring frå lokalpolitikken. Er medl. i utval for areal og eigedom, og 2. vara til kommunestyret



## 4. Kristianne Nore (1974)

frå Bryggja, arbeider til dagleg som fastlege på Eid. Er kommunestyrerepresentant, og medlem i Utval for oppvekst og opplæring.



## 5. Rune Sunde (1971)

frå Eid, driver reklamebyrå/konsulentelskap. Ny i lokalpolitikken, med bakgrunn frå frivillig arbeid innan idretten.

## 6. Marilyn Osmundsvåg (1969)

Selje, lærar

## 7. Iver Flyum Bjørlo (2003)

Nordfjordeid, student

## 8. Helle Thomassen Frogner (1974)

Stadlandet, fotograf

## 9. Stig Gunnar Myren (1968)

Nordfjordeid, pedagog

## 10. Nils Anders Sørland (1968)

Nordfjordeid, sjukepleiar

## 11. Monica H. Ludvigsen (1974)

## 12. Ivan Aasen Skårø (2003)

## 13. Jakob Bredesen (1998)

## 14. Ståle Åhjem (1962)

## 15. Sandra Hadas Almskår (2004)

## 16. Svein Henjesand (1963)

## 17. Anita Førde (1982)

## 18. Gabriel Frogner (2001)

## 19. Gunvald Ludvigsen (1949)

## 20. Gerd Fløde Bjørlo (1952)

## 21. Inge A. Engebretsen (1971)

## 22. Kristianne M. Fagerli (2002)

## 23. Arne-Kristian Taklo (1999)

## 24. Sven Tore Relling (1977)

## 25. Jannithe I. Villar Sundal (1964)

## 26. Oliver Albertsen Føleide (2001)

## 27. Ole Herman Ludvigsen (1977)

## 28. Jorunn Breiteig (1963)

## 29. Alfred Bjørlo (1974)

## 30. Svanhild Otterøy Lothe (1944)

## 31. Erling Engjaberg (1954)

## 32. Britt Moa (1950)

## 33. Vidar B. Rasmussen (1946)

## 34. Siv L. Rotevatn (1958)

## 35. Johan Kroken (1943)

## 36. Astrid H. Ludvigsen (1949)

## 37. Webjørn Moa (1948)